



## **Kompetanseplan**

### **Skule og SFO i Suldal**

**2018/2019**

Alle barn og unge i Suldal skal oppleve læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.

## Innhold

Forankring og visjonar .....	3	Skulebasert kompetanseutvikling – fokus skuleåret 2018/2019 .....	10
I kommuneplan for Suldal (2015-2024) vedteken av kommunestyret 17. mars 2015 står:.....	3	Skulebasert kompetanseutvikling .....	10
Opplæringslova .....	3	Analysekompetanse .....	10
Strategi for Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning for Suldal kommune 2017 .....	3	Inkluderande barnehage- og skulemiljø. ....	10
Kompetansetiltak i Suldalsskulen .....	4	KLU – Klasseleing i Utvikling .....	10
og SFO.....	4	Vurdering for læring .....	10
Psykologisk førstehjelp.....	4	Rekruttering .....	11
Implementering av ny læreplan .....	4	Fleire grunnskulelærarar.....	11
Pedagogisk analyse.....	4	Tiltak.....	11
Strategien Kompetanse for kvalitet .....	5		
Kvalitetsutvikling for SFO .....	5		
Utviklingsmøter og lærande nettverk .....	6		
Utviklingsmøter .....	6		
Lærande nettverk .....	6		
Skuleåret 18/19 .....	6		
Me Bryr Oss konferansen .....	7		
BTI – Betre tverrfagleg innsats .....	8		
Questback BTI.....	8		
Conexus Engage.....	9		

## Forankring og visjonar

I kommuneplan for Suldal (2015-2024) vedteken av kommunestyret 17. mars 2015 står:

**MÅL: Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.**

*Suldal kommune er god å bu og vekse opp i. "It takes a village to raise a child" er eit afrikansk uttrykk som fortel oss at me alle har eit ansvar for å bidra til at barn får ei god utvikling. Det er viktig å sjå barn og unges oppvekst ut frå eit heilskapleg perspektiv, å sjå ulike tenesteområde, barnehage, skule, fritid, familie og samfunn i samanheng.*

*For at kommunen skal bli attraktiv, er det viktig at tenestetilbodet har god kvalitet. Dette er med på å styrke omdømmet til kommunen. Personalet i barnehage, skule og SFO i Suldal har god kompetanse og yt stor innsats.*

*God leiing er ein avgjerande faktor for gode resultat. Systema våre må bere preg av nok kunnskap, god kompetanse, forventningar og krav, kontroll og kvalitet.*

*I barnehage og skule må barns utvikling og læring vere i fokus. Det er det einskilde barnet som må lukkast og oppleve læring, meistring og utvikling. Ein suksessfaktor for å få til dette, er kollektivt orienterte barnehagar og skular, der heile personalet står samla om felles praksis.*

## Opplæringslova

### § 10-8. Kompetanseutvikling

Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.

Alle rektorar og leiarar i skulane i Suldal blir oppfordra til å ta dette studiet.

## Strategi for Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning for Suldal kommune 2017

Strategien vart utarbeida etter satsinga «Haugalandsløftet». Ei av målsetjingane i Haugalandsløftet er at alle barn skal få den hjelpa dei treng, men ein ønskjer at fleire barn og elevar skal få den hjelpa dei treng innanfor det ordinære opplegget.

I skulen betyr det at fleire elevar skal få nødvendig tilrettelegging innan klassen og dermed unngå vedtak, og at fleire av dei som har vedtak om spesialundervisning skal få det i klassen.

Vidareutdanning innan spesialpedagogikk er noko kommunen satsar på. Ein lærar skal ta denne vidareutdanninga skuleåret 2018-2019.

## Kompetansetiltak i Suldalsskulen og SFO

### Psykologisk førstehjelp

Psykologisk førstehjelp er eit verktøy for barn og unge, som kan brukast når tankane er vanskelege og følelsane sterke. Verktøyet er utforma som eit eige skrin og skal læra barn og unge eigne sjølvhjelpsteknikkar. I skulen er det utarbeida undervisningsopplegg for 2., 5. og 8. trinn. Verktøyet blir både brukt ein til ein med elevar og gjennom undervisning for heile klassar. Helsestasjon og barnehagar bruker også dette verktøyet. Gjennom partnerskapsmidlar er det sett av 144.000 til kompetanseheving og utarbeiding av retningslinjer for bruk av psykologisk førstehjelp i 2018.

Folkehelseforum i Suldal vil at hovudsatsinga for 2018 skal gå til ei større satsing på kompetanseheving for tilsette, implementering og rutineutforming knytt til bruk av psykologisk førstehjelp for born og unge i barnehagane, skule og SFO og på helsestasjonen/psykisk helse. I det inngår også meir innføring til foreldre og føresette slik at verktøyet i større grad kan nyttast som felles verktøy mellom barnehage/skule, helsestasjon/andre einingar i kommunen og foreldre/føresette. Ved å styrke kompetansen lokalt er tanken at ein kan drive med vidare opplæring av både tilsette og foreldre/føresette sjølv utan å gjere seg avhengig av å sende personalet på kurs med jamne mellomrom.

### Implementering av ny læreplan

Overordna del av ny læreplan, *Overordna del – verdier og prinsipp for grunnsopplæringa* er vedteken.

Den overordna delen beskriv det grunnsynet som skal prega pedagogisk praksis i heile grunnsopplæringa. Den skal også ligga til grunn for samarbeidet mellom heim og skule. Overordna del tydeliggjer skulen sitt ansvar for danning og for utvikling av kompetansen til alle elevane i grunnsopplæringa. Alle som arbeider i grunnsopplæringa, må la dette grunnsynet prega planlegginga, gjennomføringa og utviklinga av opplæringa.

Overordna del av læreplanverket består av innleiing, formålsparagrafen i opplæringslova og tre kapittel 1. Verdigrunlaget i opplæringa, 2. Prinsipp for læring, utvikling og danning og 3. Prinsipp for skulen sin praksis.

Denne delen av læreplanen skal alle tilsette i Suldalsskulen gjere seg betre kjend med komande år og utarbeida gode metodar for korleis dette skal takst med i all planlegging og gjennomføring av undervisning.

### Pedagogisk analyse

I *Strategi for Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning for Suldal kommune 2017* står at pedagogisk analysemodell er eit analyseverktøy som det er ønskeleg at skular og barnehagar i Suldal skal bruka. Denne modellen er for analyse av pedagogiske utfordringar som lærarar og skuleleiarar kan møte i høve enkeltelevar, klassar av elevar og på skulenivå. Det er ikkje ein undervisningsmetode men ein systematisk måte å analysa utfordringar for så å koma fram til gode hensiktsemessige tiltak i den pedagogiske praksisen.

Alle tilsette i skule og SFO skal få ein innføring i bruk av pedagogisk analyse på første planleggingsdag skuleåret 2018-2019.

## Strategien Kompetanse for kvalitet

Kompetanse for kvalitet er ei nasjonal satsing på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar. Den gir gode ordningar for lærarar som tek vidareutdanning, gjennom at dei får frikjøp av tid eller stipend til å ta vidareutdanning.

Målet er at vidareutdanning for lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrke elevane si læring. Suldal kommune har ei kompetansenemnd beståande av kommunalsjef, PPT-leiar, skulerådgjevar, HTV i utdanningsforbundet og ein rektor. Desse prioriterer søkarar til kompetanse for kvalitet etter kva kompetanse som trengst i kommunen. Dei siste åra har mellom 2-6 lærarar kvart år teke vidareutdanning innanfor kompetanse for kvalitet i Suldal

### *Rektorutdanninga*

Rektorutdanninga er ein del av *kompetanse for kvalitet*-satsinga for å auke leiingskompetansen til rektorar og leiarar i skulen.

Rektorutdanninga skal bidra til kompetanseutvikling innan fem hovudområde; 1. Elevane sine læringsprosessar, 2. Styring og administrasjon, 3. Samarbeid og organisasjonsbygging, 4. Utvikling og endring, 5. Leiarrolla. Dette inneber utvikling av kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

## Kvalitetsutvikling for SFO

Suldal kommune vil utarbeida ein plan for kvalitetsutvikling for SFO i Suldal kommune. Dette vil me gjer gjennom lærande nettverk på tvers av dei forskjellige SFO i kommunen, kompetansebygging gjennom kurs og erfaringsutveksling.

Planen skal innehalde følgjande element:

-Formålet med planen

-Overordna mål og verdigrunnlag

-Strukturelle forhold

-Samarbeid og samhandling mellom skule og SFO

-Samarbeid mellom SFO og heim

-Innhaldet i SFO

-Vurdering av måloppnåing

Første del av dette arbeidet blir på første planleggingsdag skuleåret 2018-2019. Me vil setja ned ei gruppe som skal arbeida med å utvikla denne planen.

## Utviklingsmøter og lærande nettverk

### Utviklingsmøter

Alle einingsleiarar i barnehage og skule møtes ein dag annankvar månad i utviklingsmøter. Tema for utviklingsmøte er strategiane i strategi for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning:

- Tidleg innsats
- Inkludering
- Gruppe- og klasseleiing
- Gode relasjonar
- Systematisk observasjon
- Kompetanse
- Samarbeid kring barnet/eleven
- Innhaldet i den spesialpedagogiske hjelpa/opplæringa

I utviklingsmøta blir einingsleiarane presentert for verktøy og metodar som ein kan nytta i eiga personalgruppe, slik at strategiane når ut til personalgruppa. Målet er at einingsleiarane skal læra seg korleis å driva lærande møter for kollektiv refleksjon og utvikling.



### Lærande nettverk

Den månaden det ikkje er utviklingsmøte samlast einingsleiarane i lærande nettverk, for vidare refleksjon og kollegarettleiing. Nettverka rapporterer i Padlet.



### Skuleåret 18/19

September: Utviklingsmøte.

Oktober: Nettverksmøte

November: Utviklingsmøte.

Desember: Nettverksmøte

Januar: Utviklingsmøte.

Februar: Nettverksmøte

Mars: Utviklingsmøte.

April: Nettverksmøte

Mai: Utviklingsmøte.

Juni: Nettverksmøte

## Me Bryr Oss konferansen



Konferansen er ein årleg konferanse i regi av Suldal kommune, for alle tilsette som på ein eller annan måte jobbar med barn og unge. Konferansen har som mål å bidra til at dei som jobbar tett på barn og unge skal kjenna

- At dei får fagleg påfyll
- At jobben dei gjer er viktig
- At dei er særskild betydningsfulle personar for barna dei møter
- At dei er stolte, og at Suldal kommune er stolte over arbeidet dei gjer
- At dei er ein del av eit fellesskap som drar i same retning.

Gjennomgangstema er å sjå, og å bryr seg - korleis jobba for at barn og familiane deira får den hjelpa dei treng, når dei treng den.

Årets konferanse er 16.11, og foredragshaldar er Siri Abrahamsen.  
Tema: «Rom for alle med blick for den enkelte»

- Meg og mitt – verdiar, haldningar, relasjonsmønster, følelsar og smitteglede
- Oss på jobb – korleis gjera kvarandre godt og gode
- Barna – korleis sjå gull hjå kvart enkelt og vera eit best mogleg speil for dei me er rundt
- Foreldre/foresatte – fokus, tillit, openheit og kommunikasjon
- Vegen vidare – konkrete tips til korleis det kan jobbast med gleding for små og store



## BTI – Betre tverrfagleg innsats

Suldal er ein BTI kommune, som skuleåret 18/19 skal jobba med å bygga ein handlingsrettleiar med rutinar og verktøy som dei tilsette kan nytta i saker der det er knytt ei uro til ein elev. I samband med questback i BTI arbeidet blei det avdekka nokon område som dei tilsette ønsker kompetanseutvikling på:

- Foreldresamtalen når ein bekymrar
- Barnesamtalen når ein bekymrar
- Identifisera barn som lev i risikoutsatte familiesituasjonar
- Involvering av foreldre og barn

Kompetansesenter som kan vera aktuelle å vurdere for å skreddarsy eit kompetanseopplegg for å ivareta kompetansebehovet barnehagane har er:

- KoRus Vest
- RVTS
- Helse Fonna

## Questback BTI

Questback blei tatt i 2017 som eit utgangspunkt for Betre-tverrfagleg-innsats og arbeidet vidare. Barnetenestene som er den kategorien skulane er ein del av hadde 69 svarprosent, 136 personar. 46% av desse 136 personar var tilsette i skulane. Questback avdekkjer behov for desse typane kompetanse:

- Foreldresamtalen når ein bekymrar
- Barnesamtalen når ein bekymrar
- Identifisera barn som lev i risikoutsatte familiesituasjonar
- Involvering av foreldre og barn



## Conexus Engage

Skulane i Suldal bruker programmet Conexus engage. Dette digitale verktøyet bidreg til å sortera og systematisera dei viktigaste kartleggingane som vert gjort av elevane og samlar dei på ein stad. Her blir eleven sin læringsprofil vist og samlinga av alle kartleggingane gir eit godt utgangspunkt for ein betre læringsdialog med eleven.

Det pedagogiske personalet i Suldalsskulen skal aktivt bruka dette verktøyet og alle får eit kurs på første planleggingsdag skuleåret 2018-2019.



## Skulebasert kompetanseutvikling – fokus skuleåret 2018/2019

### Skulebasert kompetanseutvikling

Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulen, med leiinga og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass. Målet er å utvikla skulen si samla kunnskap, haldningar og ferdigheiter når det gjeld læring, undervisning og samarbeid.

Suldal jobbar i lag med resten av skulenettverket i nordfylket, NordR, om utvikling av plan for felles skulebaserte kompetansetiltak.

### Analysekompetanse

Gjennom NordR er skuleleiarane starta ei opplæring/kursrekke i analysekompetanse. Utdanningsregionen Nord R skal styrke kapasiteten i det profesjonelle lagarbeidet på skulane, i skuleleiinga og i skuleeigarskapet for å løfte elevane si læring og utvikling.

Målet for skuleåret 2018/2019

- Etablere og vidareutvikla lærende nettverk i kommunen og på tvers av kommunar
- Analysera skulen sitt behov saman med personalet og prioritera kva skulen skal ha som utviklingsområde
- Bruke data om skulen til å auka læringsutbytte for den enkelte elev

### Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Førebyggjande arbeid som fremjer eit godt psykososialt miljø og hindrar mobbing har stor innverknad på elevane sitt læringsutbytte og er eit kontinuerlig arbeid i Suldalsskulen.

Suldal er del av pulje 3 i satsinga inkluderande barnehage- og skulemiljø som har som mål at skulane og eigar skal vidareutvikla trygge og gode skulemiljø, samt læra meir om førebygging og avdekking av mobbing.

Satsinga går over 5 semester.

Pilotskulane som blir ein del av denne satsinga i første omgang er Erfjord, Marvik, Jelsa og Vanvik. I tillegg til skuleeigar er det tilsett ein ressursperson som skal leie dette utviklingsarbeidet. Det vert arbeid i lokale lærande nettverk og nasjonale og regionale samlingar.

### KLU – Klasseleiing i Utvikling

#### Vurdering for læring

Siste elevundersøking viser at Suldal ikkje scorar så bra på «Vurdering for læring» og «Elevdemokrati og medverknad» som Rogaland fylke og basjonalt. Dei tre skulane som ikkje er med på satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø, Sand, Vinjar og Nesflaten, vil arbeide meir med vurdering som ein del av «KLU – Klasseleiing i utvikling».

## Rekruttering

### Fleire grunnskulelærarar

Suldal kommune har behov for fleire grunnskulelærarar. Per i dag manglar Suldal kommune ca grunnskulelærarar.

### Tiltak

- Lærarar frå Suldal reisa på karrieredagen på UiS for å synleggjera og marknadsføra at me treng grunnskulelærarar i Suldal og at her er ein god stad å jobba som lærar.
- Vera tidleg ute med felles utlysning for ledige lærarstillingar i kommunen. Lysa ut breitt, i nabokommunar og næraste byar.

(Godkjent i utviklingsmøte 26. juni 2018)